



Høyanger, 21.2.05

Olje- og energidepartementet  
Einar Gerhardsen plass 1  
Boks 8148 Dep.

0033 OSLO

Fråsegn om industrikraft og heimfall

På FLT-avd. 086 sitt årsmøte 11.2.05 vart fråsegna nedafor samrøystes vedteken. Fråsegna krev styresmaktfastsette industrikraftkontraktar vert avtala/vedlikehaldne/vidareutvikla og åtvarare mot heimfallsutvalet si innstilling.

**Norsk vasskraft må framleis tilhøyre samfunnet**

FLT-avd. 086 registrerer omfattande forslag om endringar i norsk vasskraftpolitikk:

- Industrikraftkontraktane skal ikkje fornyast
- Heimfallsreglane er foreslått endra.

Når vi hermed protesterer mot desse endringane har det sin bakgrunn i følgjande:

Når utanlandske og private interesser fekk bygge ut norsk vasskraft tidleg på 1900-talet var det fordi vårt eige land mangla kapital til slik utbygging. Dei rammene som sentrale styresmakter vedtok for utbygginga, konsesjonslovene, sette likevel vilkår for privat og utanlandsk eigarskap. Vilkåret var at staten, etter eit visst tal år (konsesjonstida) skulle få overta anlegga vederlagsfritt. Utanlandske og private interesser fekk såleis berre vasskraftressursen på lån ei viss tid. Vilkåra var også at vasskrafta skulle brukast til industriell produksjon som skapte arbeidsplassar der vasskrafta vart utbygd.

Når staten siste halvdel av 1900-talet sjølv bygde ut vasskraft eller overtok anlegg gjennom heimfall, vart kraft stilt til rådvelde til ein billeg pris for den industrien som skaffa arbeidsplassar. Dette var innhaldet i industrikraftkontraktane.

Det er dette som ligg i at vasskrafta tilhørte samfunnet.

FLT-avd. 086 registrerer at Bondevik II-regjeringa meiner at EØS-avtalen gjer industrikraftkontraktar umogleg. På dette punktet er vi svært misnøgd med regjeringa og meiner at regjeringa heller må utnytte det handlingsrommet som ligg i avtalen og som EU-land sjølv utnyttar - ev. utfordre EØS-avtalen. Dersom ikkje Høyanger får tildelt nye industrikraftkontraktar frå 2011, er det slutt på lokal aluminiumsproduksjon.

Foreininga registrerer også at heimfallsutvalet har lagt fram ei innstilling som vil utløyse sal av offentleg eigde norske vasskraftanlegg til utanlandske interesserer. Tidlegare eigde (fylkes)kommunar sine anlegg til evig tid. Innstillinga legg opp til eit såkalla eigarskapsnøytralt heimfall som gjer at også (fylkes)kommunale kraftverk vert pålagt gratis heimfall til staten etter 75 år. Dette fører til at det vert eit økonomisk poeng for (fylkes)kommunar å kvitte seg med sine kraftverk fortast mogleg. Sidan Konkurransetilsynet hindrar Statkraft i å kjøpe seg meir opp i norske kraftverk, vil (fylkes)kommunale verk heretter kome på private utanlandske hender.


FLT-avd. 086 protesterer mot dette fordi:

- Vasskrafta som fornybar ressurs vil i framtida pga. den globale miljøsituasjonen få stor realverdivekst
- Investeringane i vasskraft har svært lang levetid (nærmast evigvarande) og vil over tid skape ei høg og aukande grunnrente. Berre eigedomsretten sikrar desse verdiane for framtidige generasjonar
- Vasskrafta er den viktigaste infrastrukturen vår. Leveringssikkerheit og rett kraftpris er avhengig av framleis offentleg eigarskap
- Ingen generasjon har moralsk rett til å selje ein nasjon sine fornybare og evigvarande ressursar


På denne bakgrunn krev FLT-avd. 086 at heimfallsreglane vert uendra.

FLT-avd. 086 ber om at dei som får denne fråsegna tilsendt, legg vårt syn til grunn for den vidare handteringa av desse to sidene av same sak – kampen for ei samfunnsmessig og ikkje privatprofittbasert utnytting av vasskrafta.

Med helsing  
FLT-avd. 086



Oddvin Hovland  
leiar



Einar Rysjedal  
sekr.

Kopi til:

- Leiar i energi- og miljøkomiteen Bror Yngve Rahm, Stortinget, 0026 OSLO
- Leiar i næringskomiteen Olav Akselsen, Stortinget, 0026 OSLO
- Stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane, Stortinget, 0026 OSLO
- FLT, Youngsgata 11, 0181 OSLO
- LO, Youngsgata 11, 0181 OSLO
- Dei politiske partia i Høyanger og i fylket